

Vil bli Frøken Norge

31.10.2008

Silje Onarheim (17) frå Uskedalen er ein av seks frå Kvinnherad som har meldt seg på til kvalifiseringa om å bli Frøken Norge 2009 melder Kvinnheringen.

Elisabeth Vermedal (20) frå Husnes og Sandra Hjortland Olderkjær (20) frå Sunde var med i fjor og er påmeldte også i år.

Dei tre andre er Sandra Herskedal (19) frå Sandvoll, Christa Vedøy (17) frå Husnes og Camilla Løyning (17) frå Husnes.

Fristen for påmelding går ut tysdag og då vil 200 bli plukka ut til ei innleiande runde der folk kan røysta på kandidatane på heimesida til TV Norge.